



## Notat

Dato: 31.08.2018  
Arkivsak: 2017/3812-10  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Målform i Bergen

På møte i fylkestinget den 12. juni 2018, vart det under sak 51/18 vedteke fylgjande pkt 4.

*Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket.  
Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonspråket er nynorsk.*

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande:

Skyss følgjer opp vedtak om målform. Eit døme på dette er haldeplassinformasjon langs Bybanen, som no er oppdatert i nynorsk språkdrakt. All ny informasjon vert utarbeidd på nynorsk, men ein har ikkje ressursar til å erstatte all eksisterande informasjon samstundes. Ei tid framover vil difor kampanjar, skilt og plakatar på bokmål framleis vere i bruk.